

## Møteplan 2011

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Møteplan for 2011 vert slik:

*13. januar 2011 Rogaland (allereie bestemt)*

*14 - 15. juni i Hordaland*

*23 – 24. november i Sogn og Fjordane*

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

### **Saksframstilling**

I tråd med samarbeidsavtalen, er det det lagt opp til at Vestlandsrådet skal ha tre ordinære møte i året. I tillegg møtes Vestlandsrådet og dei fire fylkesutvala ein gong i året.

I samarbeidsavtalen er det elles lagt opp til følgjande møtestruktur:

- ❑ 2 eindagssmøte
- ❑ 1 to-dagsmøte
- ❑ I tillegg vert det lagt opp til eit felles møte over to dagar mellom Vestlandsrådet og fylkesutvala i samband med handsaming av årsrapporten i februar og plan for arbeidet påfølgande år.

Ettersom det er kommune- og fylkestingval i 2011, vil fylkesrådmannen likevel rå til at det for 2011 vert lagt opp til berre tre møte i Vestlandsrådet, inkludert møte med fylkesutvala – to på vårparten og eit møte eit stykke etter valet hausten 2011, og ikkje fire slik det er regulert i samarbeidsavtalen. Grunnen er at vi ser det som vanskeleg å få gjennomført eit møte mellom ferieavslutting og valet, og tilsvarande gir det ikkje så god meining å arrangere møte med det gamle styret før det nye tek over. Med omsyn til å gje dei nye medlemmene noko tid etter valet, rår fylkesrådmannen derfor til at det første møtet for dei nye medlemmane, og det siste for 2011, blir i slutten av november 2011.

Vi vel elles å legge felles møte med alle fylkesutvala til 1 og 2 juni 2011 i Bergen. Det gir følgjande framlegg til møtedatoar for 2011:

13. januar 2011 Rogaland (allereie bestemt)

14 – 15. juni i Hordaland

23 – 24. november i Sogn og Fjordane

Når det gjeld møte i AU, vil AU kome attende med ein oversikt over desse møta seinare